



SPRÅKLIG SAMLING

Nr. 1 — 1988 29. årg. Kr. 20,00



Tema:
Språk og dialekt i NRK

GJENNOMBROT OG KRISE FOR LSS

Denne tittelen var dramatisk, og må tas med ei klype salt. Men ei kjerne av sanning er det i han, så les vidare!

På årsmøtet i Norsk språkråd i januar vart Geirr Wiggen valt til formann for bokmålsseksjonen i rådet og dermed til varaformann for heile rådet (sjå side 16). Dette var sjølvstamt framfor alt eit personleg gjennombrot for Wiggen — men det kan òg bety at LSS er i ferd med å bli «stovereint» etter at den tradisjonelle samnorskpolitikken vart «utdefinert» for snart ein mannsalder sidan. Eit vilkår for det er at vi følgjer opp Wiggens siger og kjem «på bana»: vi må bli fleire, og dei som støttar oss, må gjere det meir aktivt!

Det minste desse kan gjere, er å betale kontingent og bladpengar. Det gjer også dei fleste — men ved årsskiftet hadde vi ikkje desto mindre nesten 10 000 kroner til gode hos medlemmene og abonnentane våre! Og i kassa er det svært så romsleg — 5000 kroner har vi å rutte med i skrivande stund (i januar) — — —

No har vi enno ikkje fått inn resultatet av purringa i førre nummer, så bildet er vonleg ikkje fullt så mørkt. Vi har vore gjennom verre kriser før. Men desse tala bør likevel verke som eit varsku. Vi er heilt avhengige av ei mannjamm oppslutning frå dykk som les dette, for å kunne halde det gåande. Om ein appell som dette gir ein strøm av gåver, er vi glade for det. Men det viktigaste er og blir at *alle* betaler det dei *skal* betale av kontingent og bladpengar, helst ved første gongs innkreving, for også purringar kostar pengar.

Alle medlemmer og personlege abonnentar får ein innbetalingsblankett i dette bladet, og *den må brukas*. La oss sleppe å sjå slike restansesummar som den vi har nemnt her fleire gonger! Det er viktig ikkje berre av økonomiske grunnar, men òg av psykologiske: Vi er få aktive som dreg eit tungt lass, og vi treng i det minste dette handfaste beviset på at noen bryr seg om det.

LSV

Språklig Samling

Redaktør: Lars S. Vikør

Bladpenger: Kr. 60,—

Utgitt av:

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Medlemspenger: Kr. 100,— pr. år; for skoleelever, studenter og pensjonister: Kr. 50,—.

Leder: Rolf Theil Endresen

Bekkelia 60,
1481 Hagan

Lagets og bladets adresse:

Postboks 636 Sentrum, 0106 Oslo 1

Postgiro 5 16 37 87

INNHALD

TEMA: SPRÅK OG DIALEKT I NRK

Sylfest Lomheim: Rotgnagarane	3
Hva betyr «dialekt» i NRK? Ei brevveksling mellom Finn-Erik Vinje og Norsk språkråd	6
Tolkinga av termen «dialekt» i språkreglane i NRK. Ei utgreiing frå Norsk språkråd	8
Lars S. Vikør: Målstatistikken for NRK	12
Målstatistikken. Et notat av Finn-Erik Vinje	13
Lars S. Vikør: Vaktskifte i Norsk språkråd. Ny formannsduo: Tove Bull og Geirr Wiggen	16
Norsk språkråd 1988—92	17
DEBATT — KOMMENTAR	
Daniel M. Olaisen: Måla med norskfaget	18
Jon Rømmesmo: Internasjonale hjelpespråk	18
Lars S. Vikør: Rettinger til «Å skrive radikalt bokmål»	19
Svein Lie: Takk!	19

Framsidedbildet er utlånt av bladet Norsk Tidend.

INNKALLING TIL EKSTRAORDINÆRT LANDSMØTE

Sentralstyret kallar med dette inn til ekstraordinært landsmøte i LSS laurdag 16. april kl. 12,00. Møtet skal haldas i Wergelands Hus på Blindern i Oslo, i seminarrum 11 (1. etasje, rett innanfor vestibylen). Det er det huset som ligg rett imot Meteorologisk institutt.

Sakliste:

1. Konstituering, val av ordstyrar og referent
2. Val av ny redaktør for «Språklig Samling»
Under dette punktet blir det òg drøfting av ymse problem som knyter seg til redigeringa og produksjonen av bladet.
3. Val av valnemnd
4. Arbeidet framover

SENTRALSTYRET

ROTGNAGARANE

Av Sylfest Lomheim, nynorskkonsulent i NRK

Tittelen er i røynda ein kortversjon. Langversjonen er *språklege rotgnagarar*. Det er to grunnar til at eg har laga dette uttrykket:

- For det første må ein i vår medietid pirra passeleg nyfikna til folk. Og *rotgnagar* skulle vera høveleg slåande...
- For det andre er det også ein tittel som er eigna til å fortelja noko essensielt om det som ligg meg på hjarta som språkkonsulent i NRK. «Rotgnaging» føreset at det eksisterer ein plante — med røter. Vidare ligg det ein negativ klang i «gnaging», medan «røter» står for noko positivt. Tanken vert leidd i retning av at ein har å gjera med ein verneverdig plante.

Sagt i sum: *språkleg rotgnaging* er ein vri for å få mediemerksemd. Det er mitt blikkfang for å snakke om språkrøkt. Og dét ordet er meir kjent og meir kjedeleg...

For som språkkonsulent kan eg nok finna på ein ny vri, eitt nytt ord, men eg kan ikkje finna opp det som skal vera problema og utfordringane i arbeidet med å røkta den nynorske språkplanten. Problema og utfordringane finst der ute i den språklege kvardagen; mi oppgåve er å sirkla dei inn — identifisera dei. Om dei syner seg å vera kjedelege, er ikkje feilen min... Sjølv om eg då straks vil hevda: Det som er vesentleg i språkrøkta kan aldri vera kjedeleg!

Etter sju år som språkkonsulent i NRK er det mi overtyding at *det alvorlegaste trugsmålet mot nynorsken* reint kvalitativt, som språk (eg ser her bort frå den ytre fronten i samfunnet der kampen står om det kvantitative — om utbreiing), det er «språkleg rotgnaging». Det gjeld nynorsksamfunnet generelt, og det gjeld talemålet i NRK spesielt.

Ei meningsfull og sakleg språkrøkt (den merksame lesaren merkar seg at eg ikkje seier «objektiv», men «sakleg») pliktar å klargjera og å diskutera prinsipp og retningslinjer. Ei språkrøkt som baserer seg på «gefühl» og tek stilling frå enkeltsak til enkeltsak, er ei vilkårleg — altså ikkje god — språkrøkt. Eg som får 15 % av mi årsinntekt ved å kvalitetsvurdere NRK-medarbeidaranes omgang med nynorsk, eg pliktar òg å kunna gjera greie for kva som er mine kriterium.

Lat oss byrja med byrjinga — utgangspunktet. Og det er dette: Få — om nokon i det heile — steller spørsmål ved at me skal ha språkrøkt. I grunnen er det litt fantastisk. For det betyr nemleg at ein går ut

frå to ting som sjølvklåre:

– at *det er råd* å kvalitetsvurdere språk

– at *det er ønskjeleg* å kvalitetsvurdere språk

Med dette er veggen rydda. Ingen er usamd i at NRK bør ha språkkonsulentar. Usemja melder seg først når det gjeld *kva* desse meiner og skriv.

No er begge språkkonsulentane samde om hovudsakene, t.d. at på same måte som språket er tosidig — det har ei form, og det har ein funksjon — slik er òg språkrøkta todelt: så korrekt språk som råd (form), så godt språk som råd (funksjon).

Språkrøkta kviler altså på to spørsmål:

– kva er korrekt?

– kva er godt?

Dette er det grunnleggjande, det er likt for bokmål og nynorsk, her er det full semje mellom Vinje og Lomheim. Like eins er det allment at kva som er korrekt, kan ein i regelen slå fast reint objektivt ved oppslagsbøker. Kva som er godt, byggjer i langt større grad på subjektiv vurdering — som kan vera sakleg nok — av ei rekkje forhold i sjølve formidlingssituasjonen. (God dagsnytt nynorsk er dårleg nitimen nynorsk, og omvendt!)

Utover dette reint allmenne melder det seg snøgt usemje, og skilnad mellom bokmål og nynorsk. I NRK som elles i samfunnet er bokmål og nynorsk ulike i vesen og veremåte, og i NRK som elles i samfunnet er det usemje om normeringsspørsmål i detaljar.

Nynorskens veremåte: svak i form, sterk i funksjon

Først om nynorskens veremåte — prinsippa for normering kjem eg til deretter.

Som konsulent møter eg stundom spørsmålet: Er nynorsken i NRK betre eller dårlegare enn bokmålet i NRK? Det svaret som ligg nærast sanninga, er både «ja» og «nei». Nynorsk som *korrekt* språk (i form) er tvillaust dårlegare. Nynorsk vurdert som *godt* språk (i funksjon) er jamt over betre. Svaret er ikkje ønsketenkning; røyndommen i NRK er slik.

Kva betyr så dette — svak i form, sterk i funksjon?

Jau, det betyr at den typiske nynorskjournalisten (som berre finst som abstraksjon i mitt hovud!) er relativt svak i formverk, bøyning og avleiing, men er relativt sterk i uttrykksevne og ordbruk. Sagt endå enklare: Han gjer fleire feilar, men er betre til å formulera seg. Den typiske bokmålsjournalisten (atter

Tema: Språk og dialekt i NRK

ein abstraksjon!) har det omvendt: færre feilar i form, meir medvitslaus i funksjon.

Det er dette eg har i tankane når eg hevdar at nynorskens veremåte er annleis enn bokmålets veremåte. 80 %, minst, av dei nynorskfeilane som skriv seg frå bokmålspåverknad ligg på eit anna plan enn ordplanet. Dei ligg på formplanet — bøyning, avleiing, småord. Trass i heite stridar om heit-ord, så er det ikkje dér nynorsken er truga på livet av bokmålet. Endå dei fleste visst trur det, at det er an-behelse-orda som er den stygge ulven. Ut frå mi vurdering tek dei fleste då feil.

Rett nok er «uoverensstemmelse» for *usemje* og «beskyldning» for *skuldning* iøyrefallande stilbrot og ordfeil. Men slike feilskjer er sjeldnare enn dei daglege dryppa — meir eller mindre tette — av «lest» for *lese*, «musiker» for *musikar*, «tilfeller» for *tilfelle*, «seisten» for *seksten*, «fra» for *frå*, «fant» for *fann*.

Desse småfeila — som det altså kryr av — det er rotgnagarane. Enkeltvis er dei verken dramatiske eller spektakulære, men sidan dei opptrer så ofte, holar dei ut sjølve det indre systemet. Du kjempar betre mot ein fiende du har sett namn på, difor tok eg for eit års tid sidan til å omtala desse førekomstane som språklege rotgnagarar. Ordet slo rot — om eg så må seia — og dermed hadde eg i alle fall vunne ein ting, merksemd.

Rotgnagarane går laus på dei språklege nervene, på bøyingssystem og formverk:

- substantivbøying:
 - «fem plasser, som sist», «etterforskninga held fram», «dei ulike medier reagerer forskjellig».
- verbbøying:
 - «kalte», «frykter», «drept».
- småord:
 - «øverstkommanderande», «mandag», «tirsdag».
- visse konstruksjonar, som den evinnelege singenitiven:
 - «staten sitt utspel» (utspelet frå staten)
 - «P2 sitt programtilbod» (programtilbodet i P2)
 - «barnet sitt behov» (det behovet barnet har)
 - «framtida sin bil» (framtidsbilen)
- pronomen:
 - «den»
 - Det skal heita: Ho var interessant (om boka!); han er for dyr (om bilen!).
- namn og titlar:
 - «Kirkenes verdensråd». (Det var ein som lurte på kva slags verdsråd som hadde sete i Aust-Finnmark.) Rett nynorsk: Kyrkjeverdsrådet.
 - «Fellesmarkedet», «Deres Høyhet, kronprinsessen». Rett nynorsk: Fellesmarknaden, Høgvørde kronprinsesse.

Gnagarane er aktive under overflata, lite synlege, men dei går til åtak på det vitale i språkplanten.

Dette er nynorskens veremåte — svak i form, sterkare i funksjon.

Ein todelt strategi

Kva retningsliner skal ein så følgja i språkrøkta?

Min strategi er todelt:

- vakthald om systemet
- fremjing av haldning

Spørsmåla i neste omgang vert: Kva slags system? Kva slags haldningar?

Me har nynorsken av 1917, av 1938, av 1959.

Prinsipielt er eg ingen tilhengjar av å ha som språkleg rettesnor systemet slik det var på eit gjeve tidspunkt. Når Schibsted-familien har bestemt at slik rettskrivinga var i tiåret 1907–1917, slik skal ho òg vera i 1987 (i landets største avis), er dette — blant mykje anna — uttrykk for tru på språkleg klassisisme. Klassisisme er eit mønster i stillstand, eit ideal som er fastlagt. Sjølv trur eg på utvikling. Eit livskraftig system for nynorsken er eit system ope for endringar. Ein skal ta følgjene av at alt språk utviklar seg. Systemet bør i sin essens vera frukta av ein balanse mellom *stabilitet* («det som var») og *endring* («det som er»). Alltid på etterskot, aldri i ro — det er den ideelle rettskriving. Difor er det bra at nynorsken følgjer rimeleg med i talemålsutviklinga (jf. oppmjukinga av samsvarsbøyinga i 1982), men det er ikkje lurt å godta utglidingar, sjølv om dei er svært utbreidde (jf. «den» for *han* eller *ho*). For skal rettskrivingsystemet overleva, må det ha ein *indre samanheng*.

Samstundes må me innsjå at normkjensla (systemkjensla) i nynorsk alltid vil vera svakare enn i bokmål. Det heng ikkje berre saman med at me har eit mindretalsspråk. Det er like mykje fordi nynorsk er eit folkemål, ikkje eit bokmål. Det er rett og slett prisen me må betala for ei rettskriving som byggjer på talemåla. For bokmålet er ikkje dette noko problem. Der har ein aldri hevda at grunnlaget er dialektane. Problemet er ukjent...

Kva er den fornuftigaste strategien i nynorsk rettskrivingsarbeid (i forhold til bokmålet)? Jau, det er å lata som om bokmålet ikkje eksisterer. Ikkje halda på avstanden fordi me trur det er lurast; ikkje minska avstanden fordi me trur dét er lurast. Me bør simpelthen utvikla og justera nynorsken ut frå indre behov. Ikkje taktikkeri — er beste taktikken. Men me må for all del ta vare på det som er nynorskens styrke — frisk, jordnær, talemålsprega dyrking — nett dei punkta der det meir avbleika bokmålet står svakt.

Undergravande haldningar

Kva slags haldningar ønskjer eg å fremja?

Kanskje burde eg først seia noko om visse haldningar som me må kjempa mot. For på same vis som det finst rotgnagarar på systemet, slik er det òg haldningar som er undergravande, rotgnagande. Ved sida av givnad for språk er det ingen ting som har meir å seia for språk enn haldningane. Når det — kanskje — står dårleg til med norsk i dag, så er det ikkje, som mange hevdar, fordi me har hatt språkstrid eller fordi me har to skriftspråk eller fordi me ser for mykje på fjernsyn eller fordi me leflar for mykje med dialektane; slikt er reine avsporingar.

Det er i røynda berre to forklaringar. Først den minst viktige: mangelfull kunnskap og innsikt hjå sentrale påverkarar (lærarar og journalistar). Dinest den viktigaste: dei tonegjevande i det norske samfunnet har ikkje dei haldningane til morsmålet som er naudsynlege for å få i gang ei kvalitetsutvikling. Den dagen kunnskap og dugleik i norsk har same prestisje i skule og styringsverk som andre kjernefag, den dagen vil òg elevane skriva betre og rettare norsk. Det er den røynelege haldninga hjå individ og samfunn som avgjer. Alt anna er prat.

I nynorsk er det undergravande om me ser på språket vårt som *omsetjingsspråk*. Me pustar i bokmål, og i ein osloredaksjon oppfatar me gjerne nynorskord som avløyssarar (omsetjingar) for bokmålsord. «Anledning» er *høve*, «bevissthet» er *medvit*, «overhodet» er *i det heile*. Ord som ligg utanfor allfarvegen (omsetjingsvegen) frå bokmål til nynorsk, glir lett i bakgrunnen. Det lumske ved å vera omsetjingsspråk er at det tykkjest vera fattigare enn originalspråket (bokmålet).

Norsk framstår som fattigare enn engelsk — ved omsetjing frå engelsk. Ved omsetjing frå norsk til engelsk er det engelskens tur til å stå i beit, verta avkledd. Prøv berre med vanlege norske ord som «matpakkekøyrar», «stølsliv» — for ikkje å nemna «polkø»!

Dei mest brukte orda i nynorsk vert lett dei som er typiske avløyssarord for bokmålsord. Men då utnyttar me dårleg rikdommen me alle har arva. Opn slusane for saftige, kjenslevarer, rammande, usannsynlege ord som lever avstengde i periferien! Edvard Hoem skriv ein stad:

«I dag vil eg vera slem mot dei mange som gjer norsk ungdom språklaus. Eg vil vere vond mot politikarar, ill mot byråkratar, lei mot skulefolk og forfattarar, atal mot kulturpersonar og stygg, fæl og låk mot alle andre som er med å rydde ut rikdommen i morsmålet og bryte kontakten med vår språklege tradisjon.»

Den andre rotgnagarhaldninga er *reservat-tanken*. Alle ser at nynorsken står sterkare i bokhylla enn på Børsen. Altfor mange synest at nynorsk høver til lyrikk og kyrkjeleg liturgi heller enn til jordnært forretningsarbeid og dagsaktuell journalistikk!

Fire leiestjerner

Reservatinnsnervinga og omsetjingsnedvurderinga er vaksne motstandarar, men skal nynorsk mediespråk ha ei framtid, må me kasta av slike nedbrytande haldningar og setja andre oppbyggjande i staden. Desse andre haldningane har som stikkord:

- kvalitet
- estetikk
- mangfald
- populisme

Desse haldningane er samstundes mine leiestjerner for språkrøkt.

Sansen for kvalitet på ord gjer at eg ser på «hensikt» som ugras i høve til *føremål*, *styresmaktene* er opplagt eit betre ord enn det ulne «myndighetene».

Og både Willoch og Aftenposten har no tydelegvis bestemt seg for at *endring* er betre enn «forandring». Utanriksminister Stoltenberg snakkar utan å blunka om *stoda*. Sjølv ønskjer eg å ta vare på *mothug* som eit alternativ til *ulyst* — ikkje fordi eg er konservativ, men fordi eg er glad i gode ord.

Det estetiske — det er språket uvedkommande. Seier dei som påstår at språket berre er ein reiskap. Du skal verta forstått, raskt og effektivt. Dei har misforstått. Desse funksjonsfrelste har gjort seg skuldige i *reduksjonisme*, som tyder at ein gjer noko mindre enn det det er/bør vera. Språket er sjølvsgatt ein reiskap til bruk, til kommunikasjon. Men ikkje berre det. Til alle tider har menneska òg vore opptekne av å gje sine daglege, livsviktige reiskapar ei vakker utforming. Utsjånaden har ein verdi i seg sjølv, ved sida av den praktiske funksjonen. *Løyve* vil eg ha fordi det er vakrare enn «bevilling». Det er vakrare, ikkje berre norskare, med *langleige* enn «leasing».

Mangfald er ei tredje rettesnor. Snevre grenser for utfalding er av det vonde. Utan språkleg mangfald får me ikkje nyansar. Me skal ha både *hurtig* og *snøgg*, både *kamp* og *strid*, *kort* og *stutt*. «Mot eit rikare mål å trå...»

Endeleg meiner eg nynorsken skal vera ekte populistisk, eit folkets hus. Det forståelege og folkelege skal fram, det uforståelege og ufolkelege skal haldast i bakgrunnen. *Trygd* er faktisk ikkje så lett forståeleg som *forsikring*, ut frå den bruken som *trygd* har i moderne norsk. Kan nynorsken greia seg utan forsikring? skreiv eg til Språkrådet for seks år sidan. Ja, var svaret. Prestisje stod på spel, kanskje. I fjor godkjende dei *forsikring*. Tretti år for seint — spør de meg. I NRK treng me *nyheiter*. «Nyhende» verkar meir krampaktig enn naturleg. Og *betaling* burde vera stovereint, for det er jo eingong dét folk seier.

Eg nektar å godta at det skal vera plent uråd å sameina det populistiske med estetikk og kvalitet. Like eins nektar eg — inntil det er vitskapleg prova — at målførebruk øydelegg for kvaliteten på normalspråket. Det skal vera rom for begge delar i NRK. Einsretting er eit større trugsmål i NRK enn såkalla uforståelege dialektord. Dyrking av det gode er uavhengig av og heva over målføre eller normalspråk. Å snakka dialekt kan vera kvalitetsretorikk; å snakka standardnorsk kan vera kvalitetsretorikk. Derimot bør me avvisa den uorganiserte og usynlege spåkrøtta (les: språkjustis) som vert praktisert av «synsarar» rundt i somme avdelingar. Den verksemda byggjer i regelen på svake kunnskapar og sterke fordommar.

- Eg summerer opp: For meg er målet
- fastleik i system
 - mangfald i ordforråd
 - kvalitet i ordval
 - venleik i uttrykksform

Så kravstore må me vera. For det å tillata eit språk å forfalla, det kostar meir enn både løddar og halve mongar. Me har ikkje råd til det, viss det skal vera von i det hangande språksnøret. Men der det er vilje, der er det veg. □

HVA BETYR «DIALEKT» I NRK?

Dette spørsmålet blei stilt av Finn-Erik Vinje, bokmålskonsulent i NRK, i et brev til Norsk språkråd datert 3. juni 1987. Spørsmålet er vanskelig å svare på reint faglig, og dessuten kontroversielt, lik alle spørsmål som gjelder språkbruk i NRK. Språkrådet tok derfor saka opp til grundig drøfting på flere møter i fagnemnda og styret. Det blei også laga ei større utgreiing om emnet, og den blei lagt ved det endelige svarbrevet til Vinje (datert 13. november 1987).

Vi trykker Vinjes brev og svaret fra Språkrådet her. Utgreiinga som blei lagt ved, følger på de neste sidene.

Under arbeidet med nye språkregler i NRK gav Språkrådet i sin tid en fyldig vurdering av det utkastet som en NRK-komite hadde utarbeidet.

Språkrådets oppfatning kom på avgjørende punkter til å sette sitt preg på de reglene som ble vedtatt av styret i NRK 26. oktober 1981, og som ennå gjelder.

• På den bakgrunn tillater jeg meg å be om Språkrådets tolkning av et punkt i regelverket. Det gjelder forståelsen av første punktum i paragraf 3:

«I fri muntlig framføring har medarbeidarane høve til å bruke dialekt i program som ikkje er normbundne slik som i paragraf 2.»

(Paragraf 2 sier at den offisielle rettskrivningen skal legges til grunn for språket som de ansatte bruker i manusbundne sendinger.)

• Spørsmålet mitt gjelder hva som med rimelighet kan sies å ligge i begrepet *dialekt* i denne paragrafen.

Etter samtaler med innsiktsfulle personer både i og utenfor NRK og Språkrådet har jeg oppdagat at *dialekt* har forstås på vesentlig forskjellige måter.

Alternativ 1:

Dialekt oppfattes som «talemålsvariant», dvs. med anerkjennelse av den personlige variant av norsk talemål som programmedarbeiderne har tilegnet seg i sitt oppvekstmiljø + de eventuelle justeringer som naturlig følger av flyttinger og skiftende påvirkninger i voksenalder.

Alternativ 2:

Dialekt oppfattes i sin «filologiske» eller «historiske» betydning, nemlig som et relativt stabilt system med regler for hva som hører til, og hva som ikke hører til.

Dialekt i denne betydning er altså en geografisk

bestemt relativt enhetlig talemålsvariant av den typen som beskrives i det tradisjonelle målførestudiet ved universitetene. De som tolker paragrafen slik, legger vekt på system og sammenheng, og misliker blandingsmål.

• Som kjent er talemålet overalt i landet skiftende, og det kan være vanskelig å si hva som er «korrekt dialekt» akkurat nå. Jeg siterer et medlem av fagnemnda i Språkrådet:

«Ikkje berre i stasjonsbyar og sentrale strok, men nær sagt overalt er talemålsgrunnlaget gjerne mykje skiftande.»



• I NRK har vi programmedarbeidere som kombinerer ordformer temmelig fritt: *korleis, hvilke, fremdeles, kjem, skuffelser, mulighetene, medarbeidarane*. En medarbeider holder seg med former som *oss* (subj form), *tjuvene, forholdan, ikke*.

Jeg trenger ikke eksemplifisere mer; medlemmene i fagnemnda har naturligvis registrert ved egen lytting at liknende blandingspråk gjør seg gjeldende i mange programposter, og oftere enn før.

• Slike kombinasjoner skyldes naturligvis at den enkelte medarbeider har opptatt i sitt talemål ordformer som er fremmede for hans barndoms- og oppvekstmiljø; de er en naturlig følge av hans omgang med bøker og annen påvirkning fra standardmålet. Men under enhver omstendighet: De er hans «naturlige» former, uttrykk for hans individualitet osv.

• Det er denne problemstilling jeg gjerne ser at fagnemnda drøfter. En avklaring kan være nyttig for det daglige veiledningsarbeidet i institusjonen.

• Det står ikke til å nekte at enkelte medarbeideres frie språklige utfoldelse har gitt mange reaksjoner blant lytterne, som reagerer på kringkastingsmålet på samme måte som Olav Midttun i sin tid:



To språkkonsulenter som har sitt å stri med: til venstre Finn-Erik Vinje (foto: Øyvind Haaland), og til høyre Sylfest Lomheim (foto: Norsk Tidend).

«Ein må høyra mykje ring, hjelpelaus norsk, eit følt blandingsmål, så ein kan vera i tvil om det skal vera bokmål, målføre eller eit slag nynorsk.»

• På den annen side gjør jeg oppmerksom på følgende setning i språkreglenes paragraf 1:

«Såleis skal Norsk rikskringkasting sjå det som ei oppgåve å spegle det språklege mangfaldet i landet.»

Dersom NRK skal «spegle det språklege mangfaldet i landet», er det virkelighetens språk som skal tone i radioene og televareapparatene — virkelighetens språk slik det blir talt på arbeidsplasser i by og bygd, i ungdomsgrupper og i andre særkulturer.

• Mange har likevel vanskelig for å akseptere at virkelighetens språk lyder som det lyder — iallfall når det formidles av etermediene.

Lytterne har forventninger om «korrekt» språkbruk, og det er for så vidt en rimelig forventning, siden språkreglenes paragraf 1 fastslår at «Norsk rikskringkasting skal vere eit føredøme i rett norsk målbruk».

• Forstår fagnemnda saken slik at det er ønskelig at også medarbeiderne i sin egen språkbruk i ikke-manusbundne sendinger skal «spegle det språklege mangfaldet» eller er det slik å forstå at det er mikrofon-gjester utenfra som skal bidra til slik avspeiling av mangfoldet?

Med vennlig hilsen
Finn-Erik Vinje

SVARET FRA SPRÅKRÅDET

Fagnemnda og styret har diskutert spørsmålene dine. De er ikke helt enkle, for det står ikke til å nekte at «dialekt»-begrepet er flertydig. Ingen av dine definisjoner er helt dekkende. Det eksisterer ingen fastsatte normer for «korrekt» dialekt, men en slags «lokal konsensus» om hvor grensene går, kan vi likevel snakke om, og det bør programmedarbeiderne ta hensyn til. I tillegg bør også dialekttalende programmedarbeidere følge vanlige allmenn-norske normer for godt språk.

Til det siste spørsmålet ditt kan vi si at etter § 1 i språkreglene må vi regne det som utvilsomt at bestemmelsen om å «spegle det språklege mangfaldet» også må gjelde medarbeiderne. Etter vår mening bør de gjøre det ved å bruke sitt eget områdes dialekt, ikke en personlig språkvariant.

En fylldig bakgrunn for dette korte svaret finner du i det vedlagte notatet fra sekretariatet i Språkrådet. Det inneholder en prinsipiell drøfting av begrepet «dialekt», en historikk og en grundigere utgreiing av premisser for og konsekvenser av det svaret vi her har gitt på spørsmålene dine.

Med hilsen
Else Marie Lønn
formann

Arnold Thoresen
kontorsjef

TOLKINGA AV TERMEN «DIALEKT» I SPRÅKREGLANE I NRK

Ei utgreiing frå Norsk språkråd

GENERELT OM OMGREPET «DIALEKT»

Termen «dialekt» er ifølgje Helge Sandøy: *Norsk dialektkunnskap* (s. 16) eit «operasjonelt omgrep, dvs. eit omgrep vi kan tilpasse brukssituasjonen». Vi kan skilje ut fleire ulike definisjonar av det, som eg her karakteriserer som ein lingvistisk, ein sosiologisk og ein psykologisk definisjon.

- 1 Den lingvistiske definisjonen finst i to versjonar:
 - a Ein dialekt er ein varietet av eit språk som er kjenneteikna av at han i seg sjølv utgjer eit komplett språkssystem, og såleis kan fungere som «språk» i seg sjølv, men som står så nær andre varietetar at dei saman må reknast som dialektar av eit språk.
 - b Lik definisjon la, men med det tillegget at det dreiar seg om ein geografisk bestemt varietet, altså knytt til eit bestemt geografisk område. Det er denne definisjonen som har gitt opphav til bruken av termen «dialekt» i ikkje-språklege samanhengar (t.d. i samanheng med fuglesong, slåttespel, folkedans).Skilnaden mellom 1a og 1b er at ein sosialt bestemt varietet i det eine tilfellet (etter 1a) kan kallast «sosial dialekt», mens han etter definisjon 1b må få ei anna mening, t.d. «sosiølekt». I faglitteraturen er det også gjort forsøk på å gjere terminologien meir presis ved å innføre termen «regiolekt» («regiolect») for «dialekt» i definisjon 1b. I alle fall finst det etter definisjon 1 (både a og b) ikkje noko absolutt kriterium for å skilje omgrepa «dialekt» og «språk» frå kvarandre.
- 2 Den sosiologiske definisjonen tek utgangspunkt i den funksjonen den aktuelle varieteteten har i sam-

funnet. Ein dialekt blir da ein varietet som ikkje er formelt standardisert, som ikkje har ein skriftspråksvarietet knytt til seg, og som i dei fleste moderne samfunn har ein avgrensa funksjon som «nærspåk». Når vi seier om ein person at «Ho snakkar dialekt» (utan å spesifisere kva for ein dialekt) er det denne definisjonen vi går ut ifrå.

- 3 Den psykologiske definisjonen er ikkje så vanleg, men han blir brukt av Helge Sandøy i «Norsk dialektkunnskap» (sjå s. 269) og har ei viss interesse i vår samanheng. Sandøy bruker termen «dialekt» om den første talemålsvarieteteten ein person lærer — uavhengig av kva samfunnsfunksjon eller status denne varieteteten elles måtte ha. Som motsetnad bruker han «standardtalemål» om ein varietet som er tillært medvete etter visse førebilete i vaksen alder. Ein skriftmålsnær talemålsvarietet er etter denne definisjonen altså «dialekt» hos dei som har vaksne opp med han, men «standardtalemål» hos dei som har «gått over til han» som vaksne.

Bruken og tolkinga av termen dialekt kan som sagt «tilpassast brukssituasjonen». Såleis kan ein høre personar med eit talemål som ligg nær det tradisjonelle bokmålet/riksmålet seie at «Riksmål er min dialekt», i situasjonar der dialektbruk blir oppfatta som noko positivt (og riksmål kanskje som noko negativt) — som under dialektreisinga i syttiåra. I andre situasjonar kan personar med den same talemålsvarieteteten understreke at dette talemålet er noko anna enn dialekt — det vil gjerne vere tilfellet dersom «dialekt» har fått eit negativt stempel (slik det har skjedd i ein del krinsar i debatten om første lese- og skriveopplæring på dialekt og også om talemålet i NRK). Den elastiske tolkinga av dialektom-

grepet gjer det altså mogleg å ta det til inntekt for seg eller distansere seg frå det alt etter situasjonen. Dette gjer at det ville vere tenleg å få gjennomslag for ein meir presis definisjon av dette omgrepet.

Ser vi på Vinjes to definisjonar, finn vi at hans alternativ 1 ikkje heilt svarer til nokon av definisjonane over. Definisjonen hans dekkjer det som i språkvitskapen blir kalla «idiolekt» — den særleine språkvarianten til kvart einskilt individ. Dette er mogleg fordi det som kjent ikkje finst to individ som snakkar heilt likt, og fordi dei fleste nordmenn i dag, kanskje bortimot alle, blandar element frå fleire ulike varietetar i talen sin.

Alternativ 2 hos Vinje svarer derimot godt til den lingvistiske definisjonen over. Men når det gjeld denne definisjonen, må ein vere klar over at omgrepet dialekt i denne tydinga er ei «språkssystematisk idealisering» (Sandøy, s. 16) — ei idealisering som er nødvendig for å kunne ordne og strukturere den massen av einskilddata som til saman utgjer «språket» i eit samfunn — men som samtidig må gjere meir eller mindre vald på dei faktiske tilhøva ved å oversjå detaljar, forenkla osv.

Alt naturleg språk blir kjenneteikna av at grensene mellom ulike varietetar flyt. Det finst ingen fast avgrensa einingar som vi kan kalle «dialektar» (og det er høgst diskutabelt om det finst fast avgrensa einingar som vi kan kalle «språk», men den diskusjonen høyrer ikkje heime her). Også i den tradisjonelle dialektologien kan ein snakke om både «gudbrandsdalsdialekten», «norddalsdialekten», og «Vågå-dialekten» (eller «-målet»). Det finst heller ingen instans som kan avgjere kva som er «korrekt» eller «gale» i ein dialekt — bortsett frå det vi kan kalle den «lokale konsensus», som til gjengjeld kan vere ganske innverknadsrik og effektiv. «Korrekt» dialekt er altså det som dialektbrukarane identifiserer som «rett» — med den slingringsmonnen som nødvendigvis følgjer av slik uformell «normering». Dette var da også den normale situasjonen for alt språk før skrifta og dei formelle normeringsinstansane kom inn i biletet. (Og til ein viss grad er det også situasjonen for det skriftmålsnære talemålet når det blir brukt i «frie» og uformelle situasjonar — sjølv om dei formelt fastsette normene for «rett» og «gale» sjølv sagt alltid vil ha ein ganske stor innverknad på dei som bruker slikt talemål.)

SPRÅKREGLAR OG SPRÅKBRUK I NRK

Studerer vi dei noverande og tidlegare språkreglane for NRK og dei ymse førearbeida til dei, finn vi lite som kan hjelpe oss til å klare opp i dette. Dialekt-omgrepet blir ikkje definert nokon stad, men brukt heilt uproblematisk. Men ein viss peikepinn kan vi få likevel. Drøftinga av tilhøvet mellom ulike talemålsformer i NRK dreiar seg heile tida om motsetninga mellom «normering» (med den tydelege implikasjonen «tvang») på den eine sida, og «fridom», «liberalitet», respekt for personleg integritet på den andre. Alt språkreglane frå 1959 opnar med å slå fast: «Ved opptreden foran mikrofonen står

enhver språklig fritt, med de begrensninger som følger av bestemmelsene om offisielt målbruk i disse retningslinjer.» Deretter følgjer ei rekkje punkt med «begrensninger», dvs. spesifikasjonar over kor læreboknormalen skal leggjast til grunn, ei oppmoding om å bruke tilnæringsformer osv. I punkt 3 heiter det om «annen ordinær programtjeneste foran mikrofonen: «(...) den individuelle frihet må her være større.»

Vogtkomiteen gjekk som kjent kritisk gjennom desse reglane (Innstilling om språksaken s. 32–35) og skreiv m.a.:

«Det muntlige språk er i langt større grad enn det skriftlige en del av ens personlighet, og har fra barneårene av formet seg som en del av ens personlighetsutvikling. Man kan bevisst søke å utvikle sitt språk i en bestemt retning; å tvinge frem endringer i andres personlige språkform lar seg ikke lett gjøre. En må ha disse forhold for øye når det gjelder normering av språkbruk i programtjenesten i Kringkastingen.

[...]

[Høgsterettsadvokat Knut Tvedt] konkluderer [i eit memorandum av 23. mai 1959] med at det muntlige talemålet ikke kan belegges med direktiver utover den redaksjonelle programtjenesten hvor vedkommende programleder opptre som organ for institusjonen.

[...]

For de andre posters vedkommende [dvs. andre enn «de poster hvor de ansatte opptre på institusjonens vegne»] er det vanskelig å formulere påbud; påbud som griper inn i den enkeltes personlige språkform, vil lett kunne virke hemmende på den frie utfoldelse, både på form og innhold. Det synes derfor rimelig at man i slike programposter tillater en stor grad av frihet. Det forhindrer ikke at offentligheten er interessert i at de ansatte taler et naturlig, så vidt mulig dialektfritt språk, enten det nå gjelder bokmål eller nynorsk, og at det derfor er Kringkastingens oppgave å knytte personer med disse kvalifikasjoner til programtjenesten.»

Vogtkomiteen kombinerer her ein sterkt liberalistisk argumentasjon med eit ønske om at språket i NRK skal vere «dialektfritt». Denne sjølvmotseiinga må ein sjå på bakgrunn av den språkpolitiske ideologien som tilrådinga frå komiteen var eit uttrykk for, og som språkstriden i åra før hadde lagt premissane for. I denne ideologien var det den offisielle språkpolitikken — symbolisert ved læreboknormalen og i særleg grad tilnæringsformene — som representerte «normeringa» og «tvangen», mens kravet om liberalitet vart reist på vegner av dei tradisjonelle riksmålsformene. Med dette utgangspunktet måtte ei nærmare presisering av dialekt-omgrepet nødvendigvis bli uinteressant. Reaksjonane på tilrådinga frå Vogtkomiteen (slik dei er refererte i St.m. nr. 15 (1968–69)) understrekar dette enda tydelegare: Der går dei riksmålsvennlege fråsegnene jamt inn for stor fridom — somme gonger uttrykt allment, andre gonger presisert til å gjelde tradisjonelle riksmålsformer — mens fråsegnene frå nynorskhalda og LSS samrøystes går inn for strengare regulering og at det blir skaffa lovheimel for det.

Kyrkje- og undervisningskomiteen (Innst. S nr. 189 (1969–70)) skriv om språkreglane for NRK: «Reglane bør derfor etter komiteens mening utfor-

Tema: Språk og dialekt i NRK

mes slik at de gir størst mulig grad av personlig frihet i de tilfelle tjenestemannen ikke helt opptrer på vegne av institusjonen, men som enkeltindivid. [...] I slike tilfeller bør tjenestemannen etter komiteens mening ikke være underlagt regler som binder valget av ord og former strengt til gjeldende rettskrivning. Med den store valgfrihet det er i rettskrivningen, vil det i praksis neppe bli tale om store avvik fra gjeldende norm». (s. 284–285).

Dette sitatet kan tyde på at motsetninga mellom «å stå språklig fritt» og «offisielt målbruk» enno vart oppfatta som ei motsetning mellom tradisjonelt riksmål og eit noko meir radikalt bokmål bunde av offisiell rettskrivning. Men i språkreglane for 1973 er dette ikkje uttrykkt eksplisitt, i tilfelle berre underforstått. Neste gong spørsmålet vart aktuelt, i 1981, hadde dialektreisinga gjort sitt inntog og også påverka i alle høve den mest ledige språkbruken i NRK. Både denne kjensgjerninga og striden om bruk av radikale bokmålsformer i fjernsynsteksting («Papazian-saka», 1980–81) låg truleg bak vedtaket om å få utarbeidd nye og klarare språkreglar. I debatten om det utkastet den såkalla Sørebø-nemnda la fram, kjem motsetningsparet «fridom» og «normering»/«tvang» på nytt fram, men no er det altså «fridom» til å bruke dialekt som blir sett opp mot «tvangen» til å bruke normaltalemål. Heller ikkje Sørebø-nemnda gjer noko forsøk på å definere «dialekt»-omgrepet.

Men det heiter i tilrådinga frå nemnda: «I program som er henta frå eller knytte til ein landsdel, eller skal spegle visse spesielle miljø, bør det vere eit vidt spelrom for bruk av dialekt.» Dette kan tyde på at nemnda har tenkt i retning av vår definisjon 1b. Det kan da vere verdt å merke seg at denne koplinga av dialektbruk til «visse spesielle miljø» og (einsidig) til landsdelsbaserte program var mellom dei elementa i «Sørebø-tilrådinga» som vekte sterke reaksjonar i det offentlege ordskiftet som følgde. Verken Språkrådets framlegg til språkreglar (som vi kjem nærare inn på nedanfor) eller dei endelege reglane hadde med noko om dette.

Andre stader er Sørebø-nemnda vag og vanskeleg å tolke: «Når det ikkje blir brukt manuskript, er det rimeleg å gje rom for stor variasjon. ... I aktualitetsprogram og magasin i distriktssendingane bør ein stå noko friare til å bruke dialekt, men ein må ta omsyn til dialekt-variasjonane i distriktet og leggje vinn på å ordleggje seg slik at det ikkje fører til irritasjon og vanskar som ein kan unngå.»

Norsk språkråd drøfta regelutkastet til Sørebø-nemnda på fagnemndmøtet 7.4.81 og på styremøtet to dagar seinare. I sakspapiret frå sekretariatet heiter det m.a.:

«Vogtkomiteen understreka vanskan ved å normera talemålet til einskildpersonar, og meinte at dette kunne gripa uheldig inn i form og innhald i program og programinnslag, dersom medarbeidaren kjende seg språkleg bunden. Dette synet er i dag allment godteke — talemålet må reknast som noko svært personleg, som ein vanskeleg kan dirigera hjå andre. Noko anna er frivillig odling av egne talemål.
[...]

Den store variasjonen i talemålet i NRK har ført til nye problem. Dei er, i stikkords form

— uttale av ordformer i dialektinnslag. Det trengst mål odling, også i fri bruk av talemålet, når ein vender seg til eit større publikum. Men om det er eit poeng at lokalpreget skal få koma fram, kan ein ikkje utan vidare bruka leseuttalelsen av skriftmåla som norm. Når det gjeld ordval, må ein oftast i praksis stø seg til eitt av skriftmåla.

[...]

Det er truleg uklokt å innføra *påbod* om talemålsnormering i program der eit skriftleg manus ikkje ligg til grunn: Dette kan ha dei skadeverknadene Vogt-komiteen peikte på. Det som trengst er *retteiing* til medarbeidarane i korleis ein kan odla talemålet, utan at ein med det gjev avkall på dialektpreget og det personlege preget. Dialektbruk i NRK er med på å styrkja den indre språkforståinga, og dersom ord frå dialektane blir brukte i media på ein fornuftig måte, kan det vera med på å gjera det allmenne ordtilfanget i norsk rikare.»

I framlegget til nye språkreglar som styret i Språkrådet vedtok og sende over til NRK, heiter det i § 3:


«I meir fri munnleg framføring (utan manuskript) har dei tilsette i Norsk rikskringkasting høve til å bruke talemålet sitt. Men dei må alltid ta omsyn til den lydarkrinsen dei vender seg til. I ordval bør dei tilsette stø seg til det skriftmålet som dei reknar for sitt eige. Dei bør ikkje bruke ord som er lite kjende for folk flest. Om det er turvande å bruke slike ord, bør dei forklarast.»

I dei endelege språkreglane er det brukt «dialekt» der språkrådsframlegget hadde «talemålet sitt». I § 4 foreslo Språkrådet: «I distriktsprogramma kan dei tilsette i Norsk rikskringkasting byggje på talemålet i distriktet.» Denne formuleringa kom uendra inn i den endelege versjonen.

Sjølv om «dialekt» i denne fasen var blitt eit nøkkelomgrep i drøftinga av språkreglane, er det framleis ikkje gjort noko forsøk på å definere nærare kva ein meiner med det. Men ein kan merke seg at «dialektane» som sjølvstendige, verneverdige språkssystem ikkje blir nemnde som eit mål i seg sjølv. Det er omsynet til menneska som står i sentrum: for det første til NRK-medarbeidarane og deira interesse av å kunne bruke sitt eige talemål, for det andre til lokalbefolkninga i dei ymse delane av landet og deira interesse av å kjenne seg att språkleg i det dei hører i kringkastinga — og den nærleiken til lyttarane som dialektbruken kan fremme. I tillegg nemner § 1 i dei noverande språkreglane eit meir abstrakt mål: å «spegle det språklege mangfaldet i landet». I den grad vernet av språk og språkvarietetar kjem inn i biletet som ein sjølvstendig verdi, er det til fordel for normalmåla.

Alt dette peikar klart i retning av at det er alternativ 1 i Vinjes definisjonsoppstilling som ligg nærast ei rimeleg tolking av dialekt-omgrepet i språkreglane. Likevel gjeld ikkje dette utan atterhald, som vi skal komme tilbake til.

Vinje reiste spørsmålet om § 1 i dei noverande reglane skal forståast slik at det er medarbeidarane i NRK som skal «spegle det språklege mangfaldet i landet», eller om denne oppgåva skal reserverast



(Foto: Norsk Tidend).

mikrofongjester utanfrå. Svaret på dette kan etter vårt syn ikkje vere tvilsamt: Det ville vere meiningslaust å vedta ein formålsparagraf som ikkje skulle gjelde for dei tilsette i institusjonen, men berre for tilfeldige mikrofongjester utanfrå. Dessutan er jo fridommen til å bruke dialekt slik det er uttrykt i §§ 3 og 4, som m.a. skal vere eit middel til å realisere denne målsetjinga, eksplisitt gjord gjeldande for medarbeidarane.

Hovudkonklusjonen må derfor bli at termen «dialekt» i språkreglane i NRK må forståast som «talemålsvarietet som ikkje er formelt standardisert eller knytt til skriftspråka bokmål og nynorsk» — og som er sterkt knytt til dei språkmiljøa einskildpersonen har fått talespråket sitt frå. Dette gjer det sjølvstundtids vanskeleg for ein språkkonsulent å hanskast med slik språkbruk som går under etiketten «dialekt». Visse utfyllande retningslinjer meiner vi likevel det kan vere naturleg å gi:

1 Sjølv om ein person snakkar dialekt, er det framleis norsk han eller ho snakkar, berre med ein særreigen uttale, morfologi, og visse særreigne innslag i ordtilfang og fraseologi. Mange trekk i språkbruken er *nøytrale* andsynes motsetnaden mellom standardspråk og dialektar. Det gjeld til dømes ordval (bruk av nyord, valet mellom fremmedord og norske ord), uttale av personnamn og til dels stadnamn frå andre dialekt- og språkområde, klar eller slurvete uttale, god eller dårleg setningsbygning og målføring elles. Slike trekk kan vi kalle «dialektuavhengige», og dei må vere underlagde vanlege reglar og vanleg rådgiving. Grenseoppgangen mot det dialektspesifikke kan vere problematisk, men ofte er det opplagt kva som er «dialekt» og kva som er «dialektuavhengig». Ein kompetent fagperson, som ein må gå ut frå at språkkonsulenten er, vil normalt kunne skilje her, sjølv om det alltid vil vere tvilstilfelle — både fordi ingen kan vite alt om alle dialektar, og på grunn av dei flytande grensene mellom språkvarietetar som kjenneteiknar sjølv språksituasjonen. I språkreglane er det gitt ein særregel for teljemaaten — som strengt teke vanskeleg kan seiest å vere dialektuavhengig, men som i NRK-samanheng likevel blir definert som det.

2 Dei som snakkar dialekt, bør ta omsyn til kva som i deira eigne dialektområde blir rekna som «rett» og «god» dialekt, så lenge det ikkje går ut over forståinga hos ein vidare lyttarkrins. Ein bør altså ikkje ha mange «personlege» innslag av standardformer når dialekten har eigne former som blir forstått utanfor lokalsamfunnet (og det er som oftast tilfellet). Individuelt blandingsmål vil vi såleis rå ifrå. Noko av målet med dialektbruk sett frå lyttarane sin synsstad er at han skal styrkje den språklege identitetskjensla og sjølvrespekten, og mange dialektbrukarar reagerer negativt på «oppblanda» dialekt. Samtidig er det ei kjensgjerning at ulike grupper innanfor eit dialektområde kan ha ulike syn på kva som er «rett» dialekt — ulike normer. Det kan gjelde folk av ulike generasjonar, og det kan gjelde tettstadbuvar andsynes andre bygdefolk. Ein bør altså vere varsam til fleire kantar. Men slike tilhøve vil dialektbrukande NRK-medarbeidarar ofte ha bakgrunn for å kunne vurdere sjølv, særleg om dei held oppe kontakten med lokalmiljøet. Når det gjeld *ordtilfang*, bør det i prinsippet vere fritt, slik det i praksis er i naturleg talemål, med dei restriksjonane (mot anglisismar, andre unødvendige fremmedord, lite kjende ord elles) som dei allmenn-norske normene for godt språk tilseier.

3 Eit særleg problem som ligg litt på sida her, men som likevel bør drøftast i samanheng med dette, er korleis ein skal stille seg til individuelle blandingar av dei to normalmåla. Dei blir gjerne forsvarte med at dei er «dialekt» ut ifrå Vinjes definisjon 1, sjølv om dei fleste eller andre spesifikke dialekttrekk frå det opphavlege talemålet (unnateke intonasjon og aksent) er borte. Etter vårt syn vil det i slike tilfelle vere fornuftig å finne fram til ein mellomveg mellom ei «alt flyt»-haldning og ei streng normdirigering. I prinsippet bør talemål som byggjer på ei av dei offisielle målformene liggje innanfor dei grensene rettskrivinga set for dei to målformene. Mindre avvik, særleg når det gjeld ord og uttrykk, bør likevel kunne tolast.

4 Ei mekanisk påbods- og forbodslinje er truleg i alle høve lite tenleg i praktiseringa av språkreglane. Det er liten grunn til å tru at eit strengare regelverk enn det vi har, vil løyse noko problem, for det er snakk om slike problem som berre kan løysast gjennom språkleg innsikt og medvett. Ei betre utbygd og meir systematisk opplæring og rådgiving vil vere det beste verkemiddelet. Når det gjeld dialektbruk, bør det utviklast ei rådgivingsteneste ved distriktskontora, der dei kan knyte til seg lokale krefter med god dialektkunnskap og fagleg innsikt i norsk språk elles. Saman med ei styrkt språkkonsulentteneste sentralt vil dette på lengre sikt kunne føre til ei språkleg nivåheving både innanfor bokmåls-, nynorsk- og dialektbruken i NRK. □

MÅLSTATISTIKKEN FOR NRK

Spørsmålet om definisjonen av «dialekt» andsynes «normalmål» i NRK er intrikat nok i seg sjølv, men spesielt vanskeleg er det for dei som skal føre målstatistikken for NRK. Pålegget frå Stortinget om at 25% av ordsendingane skulle vere på nynorsk (som gjaldt frå 1970) gjorde det nødvendig med ei regelmessig statistikkføring, og i dei neste par åra vart det utarbeidd ein metodikk for statistikkføringa.

Dei språklege vurderingane som skal leggas til grunn for statistikken, er nedfelt i eit notat Finn-Erik Vinje la fram for styret i NRK den 30. august 1971. Notatet er ikkje offentleggjort før, men kan lesas på dei følgjande sidene i dette bladet. I vår samanheng har det ikkje minst interesse å sjå kva Vinje foreslår å gjere med kategorien «dialekt» i statistikken. Som vi ser i del 1 av notatet, går han inn for å dele denne kategorien i to like store delar og legge den eine halvdel til bokmål og den andre til nynorsk.

NRK følgde dette rådet frå Vinje, og alle dei offisielle målstatistikkane fram til i dag er laga på denne måten. Dette har også vore allment kjent.

Kva følger får dette for statistikken? Det kan vi sjå av eit eksempel. Statistikken for 1986 er no offentleggjort. Den er slik:

	Bokm.	Nyno.
P1	81,4	18,6
P2	82,5	17,5
TV	81,1	18,9

Det er, som ein ser, langt att til 25% nynorsk; faktisk var vi nærare tidleg i åttiåra, da prosentane låg på rundt 20. Men korleis blir bildet når vi ser på «ræta» — med dialekt utskilt? Det ser vi her:

	Bokm.	Dial.	Nyno.
P1	77,2	8,4	14,4
P2	74,5	15,9	9,6
TV	78,3	5,6	16,1

Det er særleg tala for P2 som viser kor vill-leiande nynorskprosenten blir med denne metoden når dialektdelen blir såpass høg som 15% — avviket blir på nesten 100%. Denne effekten vil sjølvsagt bli mindre

dess meir den reine nynorskprosenten aukar. For bokmålsprosenten, som i alle høve ligg godt over 70, blir ikkje utslaget særleg merkbart, som ein ser.

Vinjes argumentasjon for denne føringsmåten (sjå punkt 1 i notatet hans) er eigentleg oppsiktsvekkande tynn. Stortinget vedtok i 1970 at det skulle vere minst 25 % nynorsk i ordsendingane — utan å trekke inn tilhøvet mellom dialektar og normalmål. Vinje refererer dette vedtaket og legg til at begrepet «nynorsk» ikkje skal tolkas «for strengt»: ein må ikkje kreve fullt samsvar med gjeldande skriftspråksreglar. Dette er ikkje noe urimeleg synspunkt, tvertimot.

Men så konkluderer Vinje ut frå dette at dialektdelen «derfor» kan delast likt på bokmål og nynorsk, og opphøyer seg ein augneblink til storting: «Om nynorsk etter dette utgjør minst 25% av ordsendingane, betyr det at Stortingets pålegg er imøtekommet.»

Her bryt logikken saman, og den konklusjonen Vinje kom til — og som NRK har levd på sidan — har absolutt ingen heimel i noe stortingsvedtak. Tvertimot, kan vi idag seie: i 1987 gjentok Stortinget pålegget frå 1970: «Det bør vere god fordeling mellom bokmål, nynorsk og dialekter i NRK. [...] Komiteen mener fortsatt det er et mål at nynorsk skal vere representert med minst 25 pst.» Med andre ord: «God fordeling» mellom tre kategoriar, og minst 25 % nynorsk.

Dette må føre til at NRK må gi eit meir realistisk bilde av målfordelinga ved å skilje ut «dialekt» som ein eigen kategori. For dei som fryktar for framtida til bokmålet, kan vi seie at den dagen *det* treng ver-netiltak ...

LSV

Målstatistikken

Notat av Finn-Erik Vinje, datert 30.8.1971

I brev til kringkastingssjefen 19. mars 1971 har jeg skissert en plan for føring av målstatistikken i NRK. Jeg skal på oppfordring kommentere planen utførligere og angi konkret hvordan jeg tenker meg planen gjennomført.

1. Utgangspunktet er at talemålet i NRK føres til tre grupper, som jeg forslagsvis har kalt *bokmål*, *nynorsk* og *dialekt*. Navnene kan gjerne endres, om en mener at en er tjent med det. For eksempel kan *dialekt* byttes ut med *ubestemt*, *bokmål* med *bokmål/riksmål* og *nynorsk* med *nynorsk/landsmål*.

Stortinget har pålagt NRK å sørge for at minst 25% av ordsendingene skal være på nynorsk. Begrepet nynorsk skal her ikke tolkes for strengt, det er ikke meningen at NRK må sende 25% nynorsk som i ett og alt er i samsvar med gjeldende skriftspråkregler.

Derfor kan statistikken i NRK føres slik at kategorien *dialekt* ved årets slutt deles i to og at den ene halvdel legges til nynorsk, den andre til bokmål. Om nynorsk etter dette utgjør minst 25% av ordsendingene, betyr det at Stortingets pålegg er imøtekommet. Det er en forutsetning at dialekt-andelen ikke blir så stor at det på urimelig måte reduserer den standardiserte nynorskens andel av sendingene.

2. I vårt land er skriftspråknormalene løsere etablert enn i mange andre land; den som uttrykker seg skriftlig, kan treffe valg mellom en rekke former, og dette kan skje uten at han beveger seg utenfor den ramme som de offisielle regler setter. Dertil kommer de former som tidligere var godkjent og som opprettholdes ved ikke-offisielle normeringstiltak.

Litteraturspråket har opp til våre dager vært mindre enhetlig enn i mange andre land, både riksmålskrivende og (især) landsmåls/nynorskskrivende forfattere fra forskjellige landsdeler har brukt et språk som var mer eller mindre lokalfarget.

Det samme gjelder for standardtalemålet (riksmålet, normaltalemålet, vyrdsla talemål, høre tale-

mål). Vi har vent oss til og akseptert i stor monn lokale og individuelle innslag i standardtalemålet. Bokmålet er det eldste av våre to riksspråk og har fastere normer enn nynorsken, som er et ungt kulturmål uten den fasthet som særkjenner de gamle skriftmål.

Et karakteristisk eksempel på den variasjonsbredde vi har vent oss til å tolerere innenfor standardtalemålet, er talespråket i Stortinget. Representanten vender seg ikke bare til sine sambygdinger, men til hele nasjonen, og han venter å bli forstått — og blir forstått — av alle. Likevel bruker han et talemål som til dels kan være sterkt lokalpreget; det skal være vanskelig å finne et annet land der nasjonalforsamlingens medlemmer bruker et talemål med en slik variasjonsrikdom som i vårt eget storting.

3. På den annen side: Standardiseringen av talespråket spiller en stadig større rolle. Det er en allmenn utvikling i alle kulturland med dialektkløyvede folkemål, at målføreskilnadene viskes ut, og at skriftmålet kommer til å danne mønster for flere og flere menneskers talemål. Det er vanskelig å angi tall, men det har vært antydning at vel en tredjedel av folket bruker et daglig talemål som kan karakteriseres som bokmål/riksmål.

4.1. I en språksituasjon som den vi har i vårt land, kan begrepet standardtalemål ikke defineres snevert. Dette gjelder også for den målstatistikk som skal føres i Norsk Rikskringkasting.

Med standardmål i denne forbindelse vil vi forstå *det talemål som av språkbrukeren stort sett oppfattes som riksgyldig og som ikke har noe påfallende lokalt preg*.

4.2. En talespråksvariant kan ha former som *syv*, *tyve*, *nu*, *efter*, *sne*, *boken*, *klokken*, *løypen*, *øen*, *skib*, *nydelse*, *torv*, *bygget*, *tredve* (nevnt i fleng). Disse formene er ikke godkjent i offisielle regler, men de har vært anerkjent tidligere og er vanlige i vår klassiske litteratur. Den talespråkvariant som

Tema: Språk og dialekt i NRK

har disse former, klassifiseres naturligvis som «bokmål» i statistikken; det gjelder generelt for alt talemål som tar sitt utgangspunkt i Riksmålsforbundets normering, slik den kommer til uttrykk i forbundets ordliste.

På den annen side kan vi ha et talespråk med former som *ei gata, å skyna, burt, um, fyrr, irriterar* (nevnt i fleng). Disse formene er ikke godkjent i de offisielle regler, men de har vært anerkjent tidligere og er vanlige i vår klassiske litteratur. Den talespråksvariant som har disse former, klassifiseres naturligvis som «nynorsk» i statistikken. Det gjelder generelt for alt talemål som tar sitt utgangspunkt i en eldre normal enn den någjeldende.

Talespråkvarianter som avviker fra skriftnormalene på denne måte, representerer ikke noe problem for statistikkføringen. Spørsmålet blir hvor langt en skal strekke seg i retning av å tolerere utslag «den andre veien», dvs. i retning av dialektinnslag. Det skal jeg straks komme tilbake til.

5. Jeg ser ingen store problemer ved føring av statistikk for den delen av NRKs sendinger som omfatter nyhetstjenesten, hallomannstjenesten, meldingstjenesten, foredrag, kåserier, kronikker, osv. I alle disse programkategorier er det et normalmål som blir brukt, og selv om innslag både fra eldre skriftmålsformer og dialekt kan forekomme, vil det være helt klart at nyhetsleseren, hallomannen, foredragsholderen, kåsøren, kronikøren osv. tar sitt utgangspunkt i og bygger på et normalspråk. Her — likesom i fjernsynets teksting — utelukkes målstatistikens kategori *dialekt*.

I slike sendinger vil det være enkelt å utpeke nynorsk eller bokmål, f.eks. etter følgende skillemerker (jeg nevner bare nynorskformen): *ikkje, eg, dei, deira, dykk, kven, kva, korleis, hestar, gutar, kastar, fiskar; kjem, fer, søv* (kortform i presens av sterke verb, omlyd). Det får sies å høre med til allmenn-dannelsen å kunne skjelne på denne måten mellom våre to normalmål, f.eks. slik det framtrer i radioens Dagsnytt-sendinger. Selv om vi tenker oss at de mest «radikale» variantene i begge målformer blir brukt, vil kriterier som de jeg har nevnt ovenfor, tjene til å skille mellom de to kategorier. Det skulle ikke være nødvendig å eksemplifisere ytterligere.

6.1 Så kommer vi til det som etter mitt opplegg representerer det vanskeligste problem, nemlig avgrensningen standardtalemål (Ivar Aasen: Landsprog)/dialekt (Ivar Aasen: Landskabssprog). Især er det vanskelig å skjelne mellom nynorsk standardmål og dialekt, siden nynorsken i prinsippet har holdt fast ved det nære sambandet med dialektene. Jeg har tidligere gitt en rommelig tolking av begrepet standardtalespråk (se under 4 ovenfor); begrepet må tøyes både i retning av tidligere aksepterte normalformer (f.eks. «levende, men ikke tillatte riksmålsformer») og den andre veien, dvs. mot dialektalt talemål.

6.2 Her vil det da nødvendigvis bli en del vanskelige overgangstilfelle der en får bruke et skjønn. Dette er ikke til å unngå, dersom vi ikke definerer

standardtalemål så snevert at det bare gjelder for det talemål som i ett og alt følger gjeldende rettskrivningsformer, noe jeg finner urimelig.

Problemet er altså hvor store utslag i retning av dialektalt talemål en skal tillate før et normalmål går over i kategorien dialekt eller ubestemt. Vurderingen kan her bli usikker, og vi kan risikere at et talemålsinnslag blir plassert i «feil» kategori. Men vi kan regne med at eventuelle feilvurderinger preget av tilfeldigheter vil «balansere hverandre» på lengre sikt, slik at det samlede resultat som skal gjøres opp ved årets slutt, likevel blir pålitelig.

6.3. Av definisjonen på standardtalespråk og karakteristikken av språket i stortingsalen (se under 2) går det fram at det talemål som forekommer på Stortingets talerstol, regnes for standardtalemål. Avvikene fra skriftmålsnormalene kan være større eller mindre, men likevel ikke så store og så gjennomgående at de kvalifiserer dette talemålet til å bli opptatt i kategorien dialekt.

Dette kan være et konkret holdepunkt for hva som legges i begrepet standardtalemål.

6.4 Det som gjør det mulig for oss i mange tilfelle å bestemme en taler som nordlending, vestlending, trønder osv., er hans aksent, tonefall — det som vi pleier å sammenfatte i termen talemusikk. Likevel er det ikke rimelig å la talemusikken tjene som grunnlag for skillet standardmål/dialekt. En person som bevisst normaliserer sitt talespråk, vil som regel røpe sin geografiske opprinnelse gjennom sin talemusikk, men hans språk mister med det likevel ikke karakteren av standardmål; talemusikken karakteriserer derimot regionale standardtalemål.

Det er andre språklige trekk som må danne grunnlag for en grensdragning mellom standardmål og dialekt. De konkrete forhold som er nevnt nedenfor, utgjør karakteristiske innslag i ikke-standardisert talemål:

A. Av lydverket:

- Tjukk *l* i ord som *sol, flaske, ol* (= ord); *bol* (= bord).
- Utpreget palatalisering, dvs. j-aktig uttale av visse konsonantforbindelser, som i *main* (= mann), *dæinse* (= danse), *stilj* (= still).
- Stemte klusiler, dvs. *b, d, g* for *p, t, k*, som *gabe* (= gape), *fod* (= fot), *noge* (= noko).
- Differensiasjoner og assimilasjoner i konsonantgrupper, dvs. eksempler som *adle* (= alle), *kadl* (= kall), *fuul* (= full); *bjødn* (= bjørn), *hodn* (= horn), *kodn* (= korn); *nabn* (= navn); *steidn* (= stein); *hass* (= hans).
- Vokalåpninger og -senkninger av forskjellige slag: *mædda* (= middag), *kønn* (= korn), *skødde* (= skodde), *brøllåp* (= bryllup), *frønser* (= frynser).
- Itakisme, dvs. eksempler som *pint* (= pynt), *fille* (= fylle), *lidde* (= lydde), *hitte* (= hytte).
- Monoftongering av vokalsamband som er allmenne i standardmål, dvs. eksempler som *stør* (= staur), *sø* (= sau), *røte* (= raute).

- h) Overgang *hv* til *gv*, *hj* til *sj*: *gvass* (= kvass), *gvit* (= hvit), *sjå* (= hjå), — jfr. *sjærkjinnj* (= Hjerkin).
- i) Apokope, dvs. bortfall av vokaler i ord som *ei gryt* (= ei gryte); *å kast* (= å kaste), *å far* (= å fare); *feitlar* (= feitere); *faran* (= farande).
- j) Jamvekts- og janningsformer som *stæga* (= stige), *hara* (= hare), *fluggu* (= flue), *vikku*, *vukku*, *vokko* (= veke); *båtta* (bete); *lovvo*, *lávva* (= love).

B. Av formverket:

- a) Bestemte former av hunkjønnsord som *sole*, *solæ*, *solo* (= sola), *visao*, *viso*, *viså* (= visa). (Derimot hører en form som *sol* inn under statistikkens standardmål.)
- b) Visse pronominalformer som *i* og trykksterkt *je* (1. person entall), *oss* (= vi); *okke*, *okkon*, *kon*, *kån*, *kan* (= vi); *døkk*, *dåkk*, *dækker*, *dikkån*, *dykkon*, *dekkon* (= dere); *hår* (= hver).
- c) Preteritum av svake verb, 1. klasse, på *-e*: *kaste* (= kasta/kastet), *danse*.
- d) Dativ: *i åsa* (= åsen), *på hesta* (= på hesten), *på golve* (= på golvet), *åt dørn* (= åt døra), *åt marcken* (= åt marka). (Dativbruk i bestemt form flertall (*i bygdom*, *på fotom*) er vanlig i eldre nynorsk skriftmål og kunne forekomme i standardtalemål som bygde på det. I dag brukes dativ bare i ikke-standardisert talemål.)

6.5 Disse språklige kriterier skal kunne danne grunnlaget for skillet standardmål/dialekt. Oppstillingen ovenfor er ikke fullstendig, men den skulle romme de viktigste forhold. I tillegg kommer dialektale særdrag i ordvalget, men på dette felt er det vanskeligere å systematisere. En oppstilling av kriterier er her heller ikke så nødvendig, siden enhver norsktalende har et noenlunde sikkert begrep om hvilke ord som inngår i det allmenne ordforrådet og er landsgyldig, og hva som hører den lokale dialekt til. Dessuten vil vel de fleste personer som taler inn i en mikrofon for opptak i NRK, automatisk sjalte ut ord som han vet er bundet til en lokal variant.

6.6 Oppstillingen ovenfor trenger en nødvendig kommentar: Om et talemål inneholder noen av de lydlike faktorer som er nevnt under 1 eller noen av de form-faktorer som er nevnt under 2, behøver ikke det bety at dette talemål nødvendigvis hører til gruppa dialekt. En standardspråktalende med dialektal bakgrunn kan komme til å bruke ett eller flere av de språkformer som er nevnt, i et ellers normalisert talespråk — uten at dette talespråket mister sitt preg av standardmål. Det vesentlige må her være å foreta en vurdering av om noen av de former som er nevnt, utgjør gjennomgående trekk i vedkommendes talespråk, og om de kombineres med andre av de utpekte dialektformer. I vurderingen må en dessuten — som nevnt — trekke inn talerens egen stil- og språk-vilje; som regel kan en merke på taleren om han forsøker å jenke seg etter standardmålet. Med

vår definisjon av standardmål kan vi gå ut fra at alle voksne nordmenn som vil bruke et standardtalemål, også makter det.

6.7 Jeg har fått en del program som har vært sendt i NRK og som jeg på forhånd mente skulle representere et problem for statistikkens grensdragning mellom standardmål og dialekt. Jeg valte en barnetyme av Kirsten Langbo fra 1969, et program av Vidar Sandbeck (om Helge Væringsaasen) fra 1963, og et kåseri om juleskikker av Jon Leirfall fra 1961.

6.7.1 Kirsten Langbo bruker en målform som i statistikken skal føres som dialekt. Jeg nevner følgende kriterier: Hun bruker tjukk *l* i ord som *sola*, *jola* (= jorda), *fjæle* (= fjerde), preteritumsformer som *erte*, *vakne*, *snappe*, *hoppe*, *velte*, *skjangle*, *dufte*, partisipp av sterke verb som *lii* (= ligget), *kømmi* (= kommet), *slii* (= slått), jamvektsformer som *hagan*, *magan*; dessuten pronominalformer som (trykksterkt) *je*, *dom*, *doms*, *a* (inne i setningen = hun, henne). Dertil har hun gjennomført bruk av førsteleddstrykk i ord som *humør*, *nødvendig*, *stasjon*, *banan*, *Tsjajkovskij*. Til sammen danner disse trekk bildet av en dialekt, med klar avstand til standard-språket, både i nynorsk og bokmålsvarianten.

6.7.2 Vidar Sandbeck er østerdøl, og han sier derfor *reste* (= reiste, jfr. pkt. 1 g ovenfor). Han har gjennomført bruk av tjukk *l* i de samme posisjoner som Kirsten Langbo, og han har som henne preteritumsformene *utvikle*, *redde*, *hedre*, *meisle*. Han bruker åpne vokaler som i *tel* (= til), *sea* (= siden), *hjælp* (= hjelp), og assimilerer *ns* til *ss* i *hass*. I bestemt flertall har han former som *arbeidera*, *skatta*, *venna*, *unga*, *penga*, og partisippformen *vøri* (= vært). Han er konsekvent i den østnorske trykkfordelingen i ord som *programmet*, *privat*, *ideer*, *aviser*, *Italia* — altså med trykk på første staving. Sammenlagt er disse kriterier tilstrekkelig for å føre Sandbecks talespråk til statistikkens dialekt-kategori.

6.7.3 Leirfall bruker enkelte former som stikker av fra nynorsk standardmål (som altså omfatter både gjeldende offisielle og eldre varianter). Han sier *andre måta* (for *andre måtar*), *samme* (for *same*), *tuftkallan* (= tuftkallane). Han bruker uttaleformer som stikker av fra det som regnes for nynorsk standardtalemål, nemlig tjukk *l* i *sol* og *gjole* (= gjorde), og han har østnorsk trykkfordeling i *assimilere*, *imponere*, *nasjonal*. Dertil kommer noen få ordformer som vanligvis ikke hører til nynorsk skrift, slike som *budskap* (for bodskap), *hemmelegheit*. Men i stort mer avviker ikke Leirfalls kåseri fra nynorsk standardmål. Han har gjennomført diftongbruk (*au*, *ei*, *øy*), omlyd og kortform i sterkt presens (*kjem*, *fer*), presensformer som *kastar*, *sansar*, ordformer som *eg*, *ikkje*, *korleis*, *kor*, og han skiller mellom flertall av hankjønnsord og hunkjønnsord som *hesta(r)* og *jenter*.

Vi sitter igjen med inntrykket av et standardmål preget av innslag fra det lokale målføre; kåseriet bør føres i statistikken til kategorien nynorsk. □

VAKTSKIFTE I NORSK SPRÅKRÅD

Ny formannsduo: Tove Bull og Geirr Wiggen

Norsk språkråd hadde i år årsmøtet sitt i Det Norske Videnskaps-Akademis ærverdige bygning – mellombels i ein mindre ærverdig tilstand pga. store oppussings- og rehabiliteringsarbeid – på Drammensveien i Oslo. Det mest overraskande og mest vidtrekkande som skjedde på møtet var valet av ny leiing. Det vart Tove Bull som overtok formannklubba etter Else Marie Lønn, og ny varaformann vart Geirr Wiggen.

Dette møtet vil truleg bli ståande som skilsettande i språkrådshistoria, trass i at det ikkje utmerka seg gjennom glupe vedtak eller djuptpløyande ordskifte. At det skulle foregå eit vaktskifte, var forsåvidt venta alt på førehand, ettersom det var klart at tre av dei absolutte veteranane i rådet skulle gå frå borde. Språkrådet blir oppnemnt for ein funksjonsperiode på fire år, og dette møtet markerte overgangen mellom to slike periodar. Ei oversikt over det nyoppnemnte rådet står på neste side.

Dei som tok avskil, har sett sitt preg på norsk språkpolitikk i godt over ein mannsalder til saman: Eyvind Fjeld Halvorsen, medlem og formann/varaformann i Norsk språknemnd 1958–72, formann/varaformann i fagnemnda i Språkrådet 1972–80, menig medlem av fagnemnda fram til 1988. Halvorsen var òg formann i særutvalet for bokmål i 1970-åra og den eigentlege drivkrafta bak den store rettskrivingsendringa som opna vegen for riksmålsformene i bokmålet att. Einar Lundebø, sekretær i Norsk språknemnd 1952–58 og dermed ein av mennene bak læreboknormalen frå 1959, språkrådsmedlem og formann/varaformann i fagnemnda 1980–88. Leif Mæhle, medlem av Språknemnda 1967–72, formann/varaformann i Språkrådet på nynorsksida heile den tida rådet har eksistert.

Etter hyllinga av desse tre, som avslutta møtet i det gamle rådet, kom det nye rådet saman. Om lag halvparten av medlemmene der sat over frå det gamle rådet, dei andre var heilt ferske. Vala på fagnemnd og styre skjer i Språkrådet alltid i dei to seksjonane separat, og det var bokmålsseksjonen som no fekk oppleve den store valthrilleren i to akter. Den sittande formannen, Else Marie Lønn, vart slått hårfint av Geirr Wiggen etter stemmelikskap i første omgang og påfølgjande omval. Deretter vart Lønn stilt som motkandidat til den sittande styremedlemmen Aksel Lydersen, og sigra like hårfint over han – også her etter omval. Dermed vart Lydersen heilt uventa den fjerde veteranen som måtte takke for seg – sjølv om han held fram i rådet: medlem av Vogt-komiteen 1964–66, formann i Riksmålsforbundet 1969–74, medlem i Språkrådet sidan 1972 og styremedlem det meste av denne tida.

I nynorskseksjonen skjedde styrevala samrøystes. Det nye styret i Språkrådet ser dermed slik ut: Tove Bull, formann, Geirr Wiggen, varaformann, Kåre Lilleholt, Else Marie Lønn, Egil Pettersen og Kjell Venås. I fagnemnda vart desse valt: Egil Pettersen, formann, Kjell Venås, varaformann, Andreas Bjørkum, Jarle Bondevik, Ingeborg Donali, Dag Gundersen, Tor Guttu og Aslaug Ryen. (Seksjonane skiftar kvart år automatisk om å ha formanns- og varaformannsstillingane i rådet og i fagnemnda.) Ernst Håkon Jahr er varamedlem for Kjell Venås i fagnemnda.

Ein kan vel knapt seie at det var ein revolusjon som gjekk føre seg. Både Bull og Wiggen har mange års erfaring frå Språkrådet – Bull som medlem frå 1980 og fagnemndmedlem frå 1983, og Wiggen som medlem frå 1976 og eitt år i fagnemnda (1985) – for ikkje å snakke om Egil Pettersen, som har sete i fagnemnda sidan starten i 1972. Men det var eit generasjonsskifte, sjølv om det ikkje var totalt, og vi må rekne med at Språkrådet heretter kjem til å markere seg med ein annan profil enn hittil i sentrale spørsmål, t.d. slike som gjeld forholdet mellom folkeleg språk og tradisjonelt normalspråk. Bull og Wiggen har hittil fungert som «venstre-opposisjon» i rådet og fagnemnda, og det kunne kanskje føljas uvant for dei å bli kasta opp i toppleiinga på denne måten.

Mest overraskande for alle partar var nok valet av Geirr Wiggen. Vi bør neppe dra den konklusjonen av dette valet at det er LSS sine synsmåtar som har slått igjennom i Språkrådet og heretter skal prege rådet. Det var personen Wiggen bokmålsseksjonen valte – etter framlegg frå Egil Børre Johnsen, som i ein stutt og velformulert valtale fekk fram den sjeldne kombinasjonen av innsikt, fagkunnskap, språkrådserfaring, norskundervisningserfaring, glød og overtydingskraft som Wiggen representerer. Mange i rådet har ein eller fleire av desse gode eigenskapane, men ingen samlar dei i ein person slik som Wiggen, sa Johnsen.

Dette er nettopp saka. Ingen som har følgd Språkrådet på nært hald det siste tiåret kan vere i tvil om at Wiggen ville ha blitt valt inn i leiande posisjonar

(Framhald side 19)

NORSK SPRÅKRÅD 1988—92

Oppnevnt av:

Norske universiteter og vitenskapelige høyskoler ved Det norske universitetsråd

Grunnskolen ved sin lærerorganisasjon

Den videregående skolen, folkehøyskolen og lærerhøyskolen ved sine lærerorganisasjoner

Den norske Forfatterforening

Norsk Faglitterær Forfatterforening

Den norske Forleggerforening

Norsk Oversetterforening, Norsk Faglitterær Oversetterforening og Statsautoriserte translatørers forening

Norsk Presseforbund

Norsk rikskringkasting ved styret

Norsk Skuespillerforbund

Riksmålsforbundet

Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur

Noregs Mållag

Det Norske Samlaget

Norsk Måldyrkingslag

Landslaget for språklig samling

Landslaget for norskundervisning

Medlemmer:

Professor Dag Gundersen (bm.)
Professor Egil Pettersen (bm.)

Amanuensis Arne Kjell Foldvik (bm.)

Professor Kjell Venås (nyno.)
Førsteamanuensis Jarle Bondevik (nyno.)

Førsteamanuensis Tove Bull (nyno.)

Rektor Aslaug Ryen (bm.)
Skolesjef Jan Olav Bruvik (nyno.)

Adjunkt Else Marie Lønn (bm.)
Høgskolelektor Rutt Trøite Lorentzen (nyno.)

Forfatter Karsten Alnæs (bm.)
Forfatter Erna Moen (bm.)
Forfatter Hans Kristian Eriksen (nyno.)
Forfatter Åse Lilleskare Faugstad (nyno.)

Lektor Egil Børre Johnsen (bm.)
Høgskolelektor Tordis Fosse (nyno.)

Forlagsdirektør Sigmund Strømme (bm.)
Sjefssekretær Olav Hr. Rue (nyno.)

Redaktør Herbert Svenkerud (bm.)
Oversetter Åshild Nordstrand (nyno.)

Journalist Eva Braathen Dahr (bm.)
Redaktør Asgeir Olden (nyno.)

Redaksjonssjef Mette Janson (bm.)
Programsekretær Astrid Brekken (nyno.)

Skuespiller Pelle Christensen (bm.)
Skuespiller Hallvard Lydvo (nyno.)

Professor Aksel Lydersen (bm.)
Førsteamanuensis Tor Guttu (bm.)

Førsteamanuensis Brynjulv Bleken (bm.)
Amanuensis Ole Michael Selberg (bm.)

Professor Andreas Bjørkum (nyno.)
Lektor Ingeborg Donali (nyno.)

Professor Kåre Lilleholt (nyno.)

Statsstipendiat Ivar Eskeland (nyno.)

Førsteamanuensis Geirr Wiggen (bm.)
Professor Ernst Håkon Jahr (nyno.)

Høgskolelektor Lars Anders Kulbrandstad (bm.)
Lektor Jan E. Byberg (nyno.)

Varamedlemmer:

Professor Kjell Ivar Vannebo
Førsteamanuensis Sigurd Aa. Aarnes
Amanuensis Endre Mørck

Professor Else Mundal
Professor Oddvar Nes

Førsteamanuensis Arnold Dalen

Lærer Calli Thaugland
Logoped Håkon Askeland

Rektor Marton Leine
Lektor Oddveig Sagen

Forfatter Torgeir R. Pedersen
Forfatter Sidsel Mørck
Forfatter Edvar Hoem

Forfatter Liv Holtskog

Cand.philol. Reidunn Guldal
Cand.philol. Kari Marie Thorbjørnsen

Direktør Snorre Evensberget

Sjefredaktør Øyunn Krøkkann Øiestad

Statsaut. transl. Petter Svanevik

Oversetter Eli Oftedal

Redaktør Jostein Nyhamar
Journalist Olav Kjelsvik

Programsekretær Arnulf Grut
Distriktssjef Asbjørn Gjerde

Skuespiller Arne Herlofsen
Skuespiller Arnhild Litleré

Lektor Ivar Tryti
Lærer Bjørn Haagensen

Professor Sjur Brækhus

Forlagssjef Øistein Parmann

Dommerfullm. Arne Gjeraker
Lærer Maria Høgetveit Berg

Språkkonsulent Aud Søyland

Amanuensis Magne Myhren

Førsteamanuensis Svein Lie

Amanuensis Rolf Theil Endresen

Høgskolelektor Anne Høigård

Cand.philol. Torbjørg Breivik

Måla med norskfaget

Kunnskapene i semantikk og grammatikk er dårlige både blant elever og lærere. Sjøl om det er disse delene av norskfaget man trenger å kunne for å bli gode fagarbeidere i avanserte fag, får både grammatikk og semantikk en beskjeden del av norsktimene i den videregående skolen.

Det er inga uenigheit blant ekspertene om hvilke kunnskaper som trengs for å forstå vanskelige tekster. Disse kunnskapene blir nøye gjennomgått i kurs fra NKS, slik som kursa Norsk grunnkurs, Norsk grammatikk, Norsk på ny og På godt norsk. Det siste kurset legger særlig vekt på hvordan man skal omskrive vanskelig og uforståelig språk til lett og forståelig språk uten å endre innholdet i en tekst. Næringslivet hevder å tape milliarder av kroner årlig på at arbeiderne har dårlige allmennkunnskaper.

Norsktimene brukes idag ofte til å fortelle om overklassen i det forrige århundret, lese meningslause eller tvevdygige dikt og endatil fabler om snakkende dyr. Samfunnsfag får også en god del av norsktimene.

Lærerne ønsker å gjøre en god jobb. Ofte er det viktigere for dem å hjelpe elevene til å klare gode karakterer til eksamen enn å lære elevene til å klare seg godt i livet. Hvert år etter eksamen spør lærerne seg om de har gjennomgått det som det blei spurt etter til eksamen. Ting som det spørres etter legger de større vekt på i undervisninga, mens ting som de ikke har sett spurt etter på fleire år, hopper de lett over.

Ingen spør elevene til eksamen i den videregående skolen om hva de kan i grammatikk og semantikk. Tvert om blir de bedt om å skildre samfunnsproblem eller å analyse-

re en litterær tekst, ofte et dikt. Til muntlig eksamen blir elevene som oftest spurt om det litterære livet i forrige århundre. Dessuten er oppgavene i hovedmål og sidemål svært like.

Det er viktig å kunne uttrykke seg på begge målformene. Mesteparten av grammatikkundervisninga i den videregående skolen foregår i sidemålet. Uten sidemålet ville det ha vært enda meir litteratur og samfunnsfag i norsktimene. Å skrive stil på nynorsk er for bokmålslevne god trening i å uttrykke seg klart og greitt. Uten nynorskundervisninga ville de ha hatt et dårligere og tyngre bokmål.

Jeg kan ikke forstå vissten med at elevene skal skrive stil til eksamen to dager etter hverandre. Sidemålsstilen har stor betydning for språkføringa til elevene, og mange politiske parti og kulturorganisasjoner har uttalt seg om hvor viktig det er at vi beholder sidemålsstilen. Det er rett at vi bør ha sidemålsstilen, men det ville ha vært en stor fordel om vi skifta ut hovedmålsstilen med en språkprøve.

Språkprøven som skal erstatte hovedmålsstilen bør inneholde en meningsfylt tekst skrevet i kansellistil. Eleven skal få i oppgave å omsette den til klart og lett språk. Dessuten bør språkprøven inneholde analyseoppgaver og spørsmål om grammatikk. En slik hovedmålsprøve vil være meir i samsvar med det folk med høgre utdanning vil møte i arbeidslivet. Ofte blir man overlatt til seg sjøl med ei handbok skrevet i kansellistil, kanskje på engelsk eller tysk. Da kan det være godt å kunne grammatikk og språkenkling.

Daniel M. Olaisen

Internasjonale hjelpespråk

Det gjorde godt å lese ein så sakleg og nyansert gjennomgang av dette problemkomplekset, som den bladet Språklig Samling hadde i nr. 4, 1987. For meg, enda eg har levd med esperanto i nærare 40 år, var den klargjerande.

Bakgrunnen min er at eg har levd i ein familie der vi daglig har brukt esperanto ved sida av nasjonalspråk. På ein måte kan ein vel seie at barna da får to «førstespråk» (eller som i tilfellet vårt: heile tre «førstespråk»). Den eldste sonen i familien er no over 30 år.

Eg vil gjerne få plass i bladet for noen tankar vi i familien gjer oss om slutten av den andre artikkelen, som var skriven av Lars S. Vikør.

Vi har vori i daglig kontakt med det Vikør kaller «språkdrag som ein må kalle merkelege».

Men aller først må eg understreke enda sterkare enn det vart gjort i dei to artiklane, at hovudgrunnen til at esperantistane har vori så sterkt mot endringar av språket, er redsla for at det skulle gli ut av hendene på dei – slik som det gjorde for alle dei andre: dei som dreiv med volapük, ido, novial osv. «Vi skal pløye vår eiga mark,» sa esperantistane.

Og enda ein viktig ting må nemnas. Esperanto har nok eit «fundamento» – eit grunnlag som er uforanderleg. Men kring dette får språket utvikle seg fritt, dersom det da ikkje kjem i direkte konflikt med «fundamento». Dermed har vi fått eit språk som er rikare og meir fleksibelt enn det opprinnelige.

Så tilbake til slutten av Vikørs artikkel. Det må vere klart at mange språktrekk som syns merkelig for ein utanforståande, blir naturlige og sjølvsegte for oss som bruker språket daglig.

Først om forstavinga mal- (fransk: heureux = lykkelig, malheureux = ulykkelig).

På norsk har vi f.eks. u-hell, urett, uhygge (er ordet mindre sterkt – mindre direkte uttrykksfullt om det har ordet hygge i seg?) Vi blir kanskje mint meir om motsetning når vi møter meir sjeldne ord som u-hygienisk og u-logisk.

Sånn er det også på esperanto. Dei mest vanlig brukte orda som f.eks. mal-varma er heilt eintydige for oss som bruker språket. Dette ordet har ikkje lenger noe «varmt» i seg – for oss. Annleis blir det når vi kjem til meir uvanlige ord som f.eks. mal-inteligenta (uintelligent).

Ellers vil det kanskje seinare bli tatt i bruk ord og uttrykk som ikkje er så mye brukt i dag. Mange av dei fins forresten alt i ordbøkene våre.

Så kjem vi til det kanskje mest kritiske punktet, det som kan ha med kjønnsdiskriminering å gjere, nemlig etterstavinga -in (mann – mannin, lærar – lærarinne, kar – kjerring). I uminnelige tider har det kvinnelige sprunge ut av det mannlige.

Likevel: eg har måtta gjere barna våre spesielt merksam på dette trekket ved esperanto. Dei har ikkje reagert så mye på det. Så sterk er vanen altså. I nasjonalspråka finn vi også merkelige, heilt meningslause og ulogiske ting, utan at vi reagerer mot det i det daglige.

Men, vi får sjå. Kanskje er dette ein av dei tinga som vil bli forandra i språket. Kan hende vi får heilt nye ord for f.eks. kvinne, jente. Kven veit? For også esperanto er eit språk i stadig utvikling.

Jon Rømmesmo

Vaktskifte i Språkrådet

(Framhald frå side 16)

alt for mange år sidan — viss han ikkje hadde representert nettopp LSS og vedstått seg det så klart gjennom eit brennande engasjement for eit radikalt språksyn. Eit engasjement som fekk han til å stå att som ein av dei store taparane i 1979, da Språkrådet gjorde sitt store vedtak om tilbakedatering av bokmålsrettskrivinga. I 1984 var Wiggen blitt salongfåhig nok til å konkurrere seriøst om ein fagnemndplass med riksmålsmannen Tor Guttu, med eit hårfint nederlag, året etter ein hårfin siger, og så to nye nederlag. Men no — i 1988 — er Språkrådet omsider komme ut or den fasen der det å tilfredsstille Riksmålsforbundet blir sett på som ein av eksistensgrunnane til rådet. Kanskje er dette det endelege beviset på at Språkrådet har lagt språkstriden frå femtiåra definitivt bak seg og kan begynne å sjå framover mot nittiåra.

Det er nok av arbeidsoppgåver å ta fatt på. Språkrådet er økonomisk svekka gjennom statens budsjettpolitikk, og ei årsak er truleg at rådet er for lite kjent og profilert i opinionen, for anonymt. Det blir ikkje opplevd som «nødvendig» av samfunnet å satse på Språkrådet og det språkrøkts- og språkopprustningsarbeidet som rådet prøver å drive. På rådsmøtet var tre representantar for «offentlegheita» invitert for å greie ut om korleis dei oppfatta Språk-

rådets verksemd frå sin synsstad: Gudleiv Forr, Bjørgulv Froyn og Einar Førde. Alle gav uttrykk for eit sterkt engasjement for ei språkleg opprusting, ei satsing på norsk språk i skolen, media og samfunnslivet elles, og ingen hadde merka noe særleg til Språkrådet ute «på banen». Dette er eit viktig problem som den nye leiinga i rådet må bøye seg over og arbeide seriøst med. Ei forsvarshaldning av typen «Vi gjer godt arbeid, men folk bryr seg ikkje om oss» er farleg.

Etter eit vedtak i det gamle rådet skal det no ikkje leggas fram nye rettskrivingsendringar for rådet oftare enn kvart fjerde år. Truleg var dette eit heldig vedtak, sjølv om vi ikkje veit kor realistisk det er på lengre sikt. Stadige rettskrivingsendringar er ikkje den beste saka å profilere Språkrådet på andsynes ein elles likeglad og skeptisk opinion — trass i at det framleis er mange punkt der rettskrivingane for begge målformene kunne forbedras — ikkje minst frå LSS sitt synspunkt. Men nettopp for ei ny og radikal leiing kan det vere ein fordel å sleppe å bli identifisert med slike saker — som skaper meir irritasjon enn engasjement blant folk. Sjeldnare — men betre førebudde og motiverte — endringar vil lettare kunne aksepteras av fleire. I dei næraste åra har den nye leiinga i rådet i alle fall ein gyllen sjanse til å skape eit bilde av Språkrådet som noe anna enn eit «rettskrivingsråd».

LSV

RETTINGER TIL «Å SKRIVE RADIKALT BOKMÅL»

I heftet *Å skrive radikalt bokmål* har det dessverre sneket seg inn noen feil, som vi er blitt gjort oppmerksom på av kontorsjef Arnold Thoresen i Norsk språkråd. Vi retter dem her:

- s. 11: I substantiv med endinga *-het* er hankjønns- og ho-kjønnsbøying jamstilt i læreboknormalen; *-a*-forma er altså ikke sideform, som det står i heftet. Men i ordlistene er *a*-endinga ofte ikke markert ved hvert enkelt ord; det er bare opplyst generelt i fororda at formene er jamstilt.
- s. 11: under *Intetkjønn flertall*: En kan i de fleste intetkjønnsord (som i eksemplet *problem*) fritt kombinere de tillatte formene i ubestemt og bestemt form flertall; en kan altså skrive *problemer* — *problema*, *problem* — *problemene*, *problemer* — *problemena* eller *problem* — *problema* (jf. også Helge Gundersens innlegg her i bladet nr. 3 — 1987).
- s. 12: Flertall bestemt form på *-a* i intetkjønnsord som ender på trykklett *-e*, altså former som *epla* og *fylka*, er jamstilte former i læreboknormalen, ikke sideformer, som det står i heftet.
- s. 15: Adjektivet *daud* skal skrives slik, med *d*, etter offisiell rettskriving. Det gjelder når ordet blir brukt i sin egentlige betydning, som parallellform til *død*. Forma *dau* blir derimot regna som et eget ord med betydninga 'slapp, dorsk, kraftløs, kjedelig', ifølge *Bokmålsordboka*.

Lars S. Vikør

TAKK!

Ola Halvorsen fra Skien har sendt oss ei gave på 1000 kr. Han sier at han er full av beundring for det arbeidet vi gjør og for den imponerende kvaliteten bladet vårt holder.

Vi er glade for gava — den kommer godt med, og den gir oss inspirasjon til å legge ned flere gratistimer i arbeidet. Vi sier Ola Halvorsen hjertelig takk!

Som nylig avgått leder for LSS vil jeg gjerne få slutte meg til takken for et svært godt blad. Og takken for det går først og fremst til Lars S. Vikør, som nå har tenkt å overlate ansvaret til andre. Han har vært redaktør i to år, men hadde hovedansvaret for bladet også i det meste av den tida han var leder for laget (1981—85). Lars har laga et blad som er stadig aktuelt, som er journalistisk dyktig gjort, og som er på et høgt faglig nivå. Lars har den største æra for at laget har vært synlig i norsk kulturliv i 80-åra. Vi sier mange takk!

Svein Lie

SPRÅKLIG SAMLING

Returadresse:

Postboks 636, Sentrum, 0106 OSLO 1

MEIR NORSK I MEDIA!

KVIFOR SPARE PÅ DET BESTE?

- **Kringkastingsringen** har i tretti år kjempa for at nynorsken skal få den plassen han har krav på i Kringkastinga.
- Kringkastingsleiinga har gjort lite for å auke bruken av nynorsken i NRK.
- Stortinget har no bede om at regelen om minst 25% nynorsk i ordsendingane blir teken inn i vedtektene for det fristilte NRK.
- **Kringkastingsringen** er organisasjonen som har til hovudoppgåve å arbeide for meir bruk av nynorsk i NRK.
- **Kringkastingsringen** ønskjer ei desentralisert kringkastingsutbygging. Innanfor NRK.
- **Kringkastingsringen** ønskjer at det blir teke omsyn til distrikta når TV2 skal byggjast ut.
- Sterke interesser knivar om konsesjonar for nærradiodrift. **Kringkastingsringen** arbeider for at lovverket skal bli slik at distriktsradioane får levelege kår.

ER DU FOR AT

- nynorsken og dialektane skal få eit rettkome rom i kringkastinga?
 - norske media skal støtte og styrkje norsk kultur?
 - heile landet skal prege media?

DA BØR DU MELDE DEG INN I KRINGKASTINGSRINGEN!

Skriv til: Kringkastingsringen, Postboks 9161 Vaterland, 0134 Oslo 1